



Foto: Anne Marte Før

Årsrapport 2024
Valdresmusea AS

Innhold

Museum med relevans.....	3	Mangfold og samfunnsrolle.....	14
Økonomi.....	4	Rammer og styringsverktøy.....	15
Besøk.....	6	Formidling.....	16
Digital formidling.....	7	Immateriell kulturarv.....	17
Forskning.....	8	Strategi.....	19
Arkiv og samling.....	10	Styret i Valdresmusea AS 2024–2025.....	20
Dei kulturhistoriske bygningssamlingane.....	12	Tilsette.....	20
Klima, miljø og berekraft.....	13		



Museum med relevans

Musea i Valdres har vore til nytte for folket og samfunnet i snart 125 år. Det skal Valdresmusea halde fram med. Opplyste borgarar er dessutan ein føresetnad for eit velfungerande demokrati – og samfunnets helse, slik statsminister Støre uttrykte seg på eit arrangement i Bergen i år.

Musea er ein viktig del av infrastrukturen i demokratiet vårt. Men demokratiet funkantar ikkje om ikkje alle kjenner seg heime i det. Derfor har vi eit stort ansvar i å gjere musea til opne, lyttande og inkluderande møteplassar.

Tida vi lever i kan vere krevjande for mange og ikkje alle kjenner seg inkludert eller deltakande, korkje på museet eller i samfunnet. Derfor skal Valdresmusea opne alle dører, og museet skal ynskje alle velkomen inn. Museet skal utvide repertoaret for kva det skal engasjere seg i og kva slags perspektiv ein skal legge til grunn for arbeidet.

Alle skal få kjenne tilhøyr til museet, alle har rett til deltaking i ny og gamal valdreskultur.

Musea forvaltar samfunnet sine viktigaste arkiv og samlingar. I arbeidet med historiske kjelder søker

vi innsikt om eldre levemåtar, men òg inspirasjon til korleis vi kan forme våre egne liv. Arkiv og samlingar er ikkje tause gravkammer, men aktivum til god samfunnsutvikling.

Musea i Noreg forvaltar 25 millionar gjenstandar. Valdresmusea tek vare på 30 000 av dei.



Norsk-sudanske Ahmed Umar i bunad. Foto: Ahmed Umar

Alle museum høyrer til i eit lokalsamfunn. For dei aller fleste museum er det dette samfunnet som er scenen for samtalen om dei relevante og krevjande tematikane, om identitet, tilhøyr og utanforskap. Anten vi vel å drøfte skeive liv eller utanforskapen som NS-medlemmane kjente på i etterkrigsåra, så vil denne samtalen alltid vere med utgangspunkt i erfaringane frå ein stad, frå ei bygd eller ein by, eit lite lokalsamfunn eller ein større bydel.

Valdresmusea skal bli endå flinkare til å spegle samfunnet det er ein del av.

Museum er meir enn vakre samlingar. Museum er samfunnsaktør og støtter til danning og myndiggjering av borgarane. Kall dei gjerne ein heim. Museum skal vere demokratisk gode, men i dag står demokratia i verda under press. Då må vi vakte musea og heimen for framtida. Og vi må våge å heise fanen for dei som mistar sine kulturelle livslinjer. Derfor må musea våge å stille dei store spørsmåla om kva det vil seie å vere menneske, å høyre til. For barn og vaksne i krig, er det dette som no står på spel. Ein stad å høyre til.

Kulturarv er ikkje berre for ein liten elite. Kulturarv er ein demokratisk rett for alle.

– No er det alvor, sa leiaren i Beredskapskommissjonen, Harald Sunde, på eit møte i 2024. Vi kan ikkje mobilisere til frontlina åleine, men må òg sikre eit fortsatt kritiske tenkande sivilsamfunn. Her spelar kulturen og musea ein viktig rolle. Som livslinje for dei som mistar alt. Som kjelde til innsikt og refleksjon for alle oss andre.

Økonomi

Årsrekneskapen for 2024 viser eit resultat på kr 675 552 (2023: kr 363 100). Dette er eit godt resultat som ligg over resultatmålet vedtatt av styret. Resultatet skuldast mellom anna høgare verdi av varelageret med kr 215 000 og inntektsføring av eit tilskott til Norsk institutt for bunad og folkedrakt på kr 350 000. Årsoverskotet er tilført den frie eigenkapitalen. Eigenkapitalen er pr. 31.12.2024 på kr 6 375 596. Dette gir ein eigenkapitalprosent på 37,4 %.

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet sidan 2008. For 2024 auka dette med ytterlegare 1 million kroner og utgjer frå 2025 i underkant av 15 millionar kroner. Auka frå 2024 skal frå 2025 brukast på ei forskarstilling i 100 %. Slik vil ein nå måla Stortinget har satt på dette området: «Det er eit mål for regjeringa å styrke forskingskompetansen i musea». (Musea i samfunnet).

Det statlege tilskottet utgjer i 2024 78 % av det offentlege tilskottet. Ser ein bort frå seks nasjonale museum, plasserer dette Valdresmusea i øvste sjiktet (nr. 5) for statleg finansiering.

Det kommunale tilskottet utgjer 7 % av det offentlege tilskottet. Dette er det sjuande svakaste i landet. Utan

auke vil ein ikkje kunne ta på seg nye oppgåver. Det samla offentlege tilskottet (stat, fylkeskommune og kommune) var i 2024 på 18,7 millionar kroner.

Museet arbeider målretta med å byggje relasjonar og finne støttespelarar som kan bidra økonomisk til arbeidet. I 2024 var det ei betydeleg auke i dei eigenskapte inntektene. Desse utgjorde heile 8,7 millionar kroner. Mykje av prosjekttilskottet i 2024 var knytt til ENØK-tiltaket, som vart ferdigstilt i desember.


Med prosjektmidlar får museet realisert mange tiltak. Prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i museet sitt budsjett. Det er flott, men det betyr at det ikkje ligg inndecking for dei faste kostnadane – som aukar, i dei faste tilskotta – som ikkje aukar. Fleire prosjekt går mot ein slutt i 2025. Utan nye prosjektmidlar vil det ikkje vere mogleg å halde oppe aktiviteten som i dag.

I 2021 vart det vedtatt å løfte støling og hyttekultur som satsingsområde. I 2022 fekk museet 2,6 millionar kroner frå Kulturdirektoratet til tiltak på dette området. Prosjektet «Eit skigardsdele» har bidratt til auka kunnskap om forvalting av utmarka.



James Rebanks. Illustrasjon i Klassekampen 26. oktober 2024

Ny kledning på Velkomstbygget.
Foto: Ole Aastad Bråten



Prosjektet blir avslutta i 2025 og blir til i samarbeid med dei andre musea i Innlandet.

Valdresmusea har òg prosjektmidlar til istandsetting og restaurering. Med støtte frå UNI Stiftelsen (200 000 kroner) og Kulturdepartementet (1 million kroner) vart det i 2024 gjennomført tiltak på Stabel-bygningen på Bagn Bygdesamling, stølsområdet og Frigstadplassen på Valdres Folkemuseum. Eit anna viktig prosjekt på dette området er «Kloke hender – unge talent», ei handverkssatsing for ungdom med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

Valdresmusea fekk i 2024 fornya tilskott frå den same stiftinga på 3 millionar kroner til vidareføring av demokratiprojektet «Ung i dialogen».

Auka billettinntekter følgjer ambisjonane satt med utstillingsprosjektet og heilårsope museum. Det har vore ein god auke i billettinntektene dei siste åra. I 2022 var billettinntektene på kr 784 110 medan dei i 2023 var kr 977 785. I 2024 fall inntektene til 847 692. Dette skuldast ein nedgang i reise mønsteret til norske reisande, medan utanlandsbesøket har halde seg stabilt.

I løpet av ein femårsperiode vil det bli ei vesentleg utskifting i arbeidstokken. Fleire tilsette nærmar seg pensjonsalder. Lønnsnivået i Valdresmusea er lågt, men konkurransedyktig. Det er særleg viktig at museet legg til rette for rekruttering til sårbare handverksyrke.

Besøk

Valdres Folkemuseum er heilårsope og tilbyr utstillingar og formidlingstilbod året rundt. Ved dei to andre avdelingane er museet tilgjengeleg sommarstid og elles etter avtale.

I 2024 var talet på opne dagar i utstillingane på Valdres Folkemuseum 270, medan friluftsmuseet med utstillingar og anna formidling var ope 365 dagar. Talet på opne arrangement, til dømes kurs og foredrag, var i 2024 **149** (185 i 2023).

Talet på utanlandske gruppebesøk tok seg opp i 2024, medan talet på norske vaksne besøkande har gått litt ned. Vi har god spreing i besøket gjennom året, særleg knytt til kurs og foredrag.

Valdres Folkemuseum er ein viktig møteplass for lokalbefolkninga og hyttefolket. Besøket frå enkeltbesøkande barn og unge auka med 20 %, og 28 % for barn og unge i grupper. Dette handlar først og fremst om fleire tilbod og auka samarbeid med skulane, samt omvisingar for mange polske skuleklassar.

Samla besøk ved Valdresmusea var i 2024 **37 433** (36 309 i 2023). Om ein tel turgåarar i friluftsmuseet,



One Enerud viser besøkande rundt på museet. Foto: Anne Marte Før

leigetakarar, festivaldeltakarar og besøk i kafeen er talet **71 438** (66 873 i 2023).

Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum tilfredsstiller krav til universell utforming. Her er det ramper for rullestolbrukarar og automatisk døropening inn og ut av utstillingane. Utstillingane har fontar og fargar tilpassa svaksynte. Til foredrag blir det nytta teleslynge og lydanlegg. Nettsidene følgjer krav til universell utforming.

Valdresmusea har avtale med Nord-Aurdal kommune om tiltak med mål om å utjamne sosial ulikskap, blant anna eit samarbeid om aktivitetkort (gratis inngang) for barnefamiljar.

Valdresmusea og fem festivalar og overnattingsbedrifter har med støtte frå Innovasjon Norge gjennomført forprosjekt i ei bedriftsnettverksordning i 2024. Målet med nettverket er å styrke samarbeidet om sal, marknadsføring og pakketering. Nettverket skal i 2025 søkje om støtte til eit hovudprosjekt (2025–2027).


Digital formidling

Gjennom nettsida vår, SoMe og DigitaltMuseum har vi formidla nettutstillingar, filmar, tekstar og anna kuratert innhald. Innhaldet spenner frå arkiv, samlingar, handverk og tradisjonskultur til refleksjonar rundt berekraft, utanforskap og ytringskultur. Fagartiklar og kronikkar ligg dels på DigitaltMuseum, dels på nettsida.

Ulike aviser og tidskrift har dessutan publisert kronikkar og andre artiklar som ligg på nett. I 2024 har vi produsert og publisert 19 filmar på YouTube, med ei visingstid på 470 timar. Vi har samarbeidd med ein filmfotografar og produsert alt frå filmar frå handverkskurs, samtidsdokumentasjonsprosjekt, foredrag, seminar og skuleprosjekt.

Fleire av arrangementa vart filma og lagt ut på nett i ettertid. Talet på visningar på nettsida til Valdresmusea og Norsk Institutt for bunad og folkedrakt har vore på totalt **430 000** (311 000 i 2023). Talet på unike besøk var på totalt **140 000** (115 000 i 2023).

På Digitalt Museum var talet på sidevisningar på totalt **210 040** (111 436 i 2023).



Valdresmusea på mange digitale flater.
Foto: Anne Marit Noraker

Talet på følgjarar på eigne Instagram-, YouTube- og Facebook-kontoar aukar stadig og var ved nyttår på **21 606** følgjarar (15 605 i 2023).

I nye utstillingar, både inne og ute, har vi lagt inn QR-koder eller andre lenker som gir publikum moglegheit til å lære meir om det dei ser.

Den auka digitale formidlinga gjer det lettare å nå folk der dei er, utveksle kunnskap og kome i dialog med nye brukargrupper.

Døme på digital formidling, i form av fagartiklar, kronikkar og filmar, finn du på valdresmusea.no/kunnskap



Forsking

Forskinga ved museet skal legge grunnlaget for arbeidet med innsamling og dokumentasjon, utstillingar, publikasjonar og rekonstruksjon av bunader og historiske musikkinstrument. Målet med forskinga er å utvikle dei tre satsingsområda gjennom ny kunnskap.

Valdresmusea har eit lite og ivrig forskingsmiljø. Museet har ein tilsett med NMF- autorisasjon. I 2025 blir det tilsett ein forskar med doktorgrad. Ein tilsett har fullført MUSE620 ved UiB.

Valdresmusea har sidan 2020 delteke i forskingsprogrammet «Museene i mangfoldige samfunn». I ei bok som vart lansert i 2024 bidrog ein tilsett ved museet med artikkelen «Ikkje berre utanfor». Boka kom ut på Oplandske Bokforlag.

Samfunnsrolleprosjektet «Eit skigardsdele» har pågått i fleire år og romar òg forskning. I 2024 vart det gjennom dette programmet etablert eit samarbeid med Universitet i Bergen om prosjektet «Setring». I 2024 har ein skrive søknad til Forskningsrådet om støtte til prosjektet.



Leiar ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Camilla Rossing, og kunstnar i Skakke folkedrakter, Lin Wang, studerer gamle folkedrakter. Foto: Norsk institutt for bunad og folkedrakt



Anna arbeid innfor området kultur og landskap omfattar samarbeid med NIBIO om beitebruk, og samarbeid med NMBU om tilrettelegging for studentar på masterkurset Regional landskapsplanlegging og lokalsamfunnsutvikling.

Det er fåe på museet med kompetanse på eldre historie. I etterkant av 1000-årsmarkeringa i 2023 vart det likevel opna for forskning på dette området. Sju av foredragshaldarane frå jubileumsseminaret har sidan arbeidd med tekstar til ein publikasjon om Valdres i jernalder og vikingtid. Antologien kjem ut i 2025 og er finansiert av Stiftelsen Aunebu kunstsenter.

Valdresmusea har sidan 2022 samarbeidd med Torill Thømt om eit anna prosjekt om eldre historie, om smijern i jernalder og vikingtid. Prosjektet omfattar mellom anna analyser av jernet på fleire av stavkyrkjene i Noreg. Målet er på sikt å kunne identifisere utvinningsstad for jernet.

NBF og Drakt- og tekstilnettverket fekk ikkje programmiddele til forskingsprosjektet «Drakt, identitet, dialog». Ein har likevel valt å gå vidare med prosjektet, som har oppstart i Varanger i 2025. NBF deltek òg i eit nordisk nettverk av forskarar og forskingsmiljø.

Arkiv og samling

Valdresmusea forvaltar museumssamlingar som inneheld blant anna 29 210 gjenstandar, 411 600 foto, 110 historiske bygningar, 1 teknisk industrielt anlegg, privatarkiv frå 741 arkivskaparar, draktarkiv med 86 058 draktregistreringar, og folkemusikkarkiv med 16 000 film- og lydopptak.

Fem tilsette har oppgåver knytt til arkiv og samling. Valdresmusea har ein konservator NKF-N. I 2024 vart det kjøpt tenester frå ekstern møbelkonservator NKF-N, og ein student på arkiv- og samlingsforvaltningsfag vart engasjert i sommarjobb. Fleire frivillige bistår med registrering.

På grunn av lite personal og lagringskapasitet vurderer ein inntak kritisk. I 2024 var auka til samlingane primært knytt til papirarkiv, foto, lydarkiv, drakter og eit fåtal andre gjenstandar.

I samband med den omfattande rehabiliteringa av Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum, fekk ein òg styrka bevaringsforholda for store deler av samlinga ved museet. I 2024 og 2025 blir det gjennomført behovsanalyse for bevaring av samlingane i fellesmagasin. Dette i samarbeid med dei andre musea i gamle Oppland.



Flaum på Valdres Folkemuseum. Foto: Ole Aastad Bråten

Ekstremværet i 2023 viste at magasinane på museet ikkje er trygge for storflaum. Eit midlertidig tiltak berga samlingane. Ein har i 2024 utarbeidd plan for etablering av permanent flaumvern. Ein har òg god dialog med Nord-Aurdal kommune og NVE om støtte til eit framtidig tiltak.

Innsamling, dokumentasjon og registrering

Dokumentasjon og innsamling er ein berande aktivitet ved musea. Arkiv og samlingar gir unik tilgang til eit systemisert kjeldehistorisk materiale, og slik tilgang er ein premiss for arbeidet med

kunnskapsproduksjon ved museum. Ved Valdresmusea er arbeidet med registrering og tilgjengelegging av arkiv og samlingar viktige oppgåver.

I 2024 har ein prioritert å styrke registreringsarbeidet ved dei mindre avdelingane etter at nye rutinar vart innført i 2023. Ei anna prioritering er arbeid med klargjering av foto til for deponi og digitalisering hjå Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

Frivillige bidreg i arbeidet med registrering av gjenstandar og foto ved fleire av avdelingane.

I 2024 gjennomførte fleire tilsette kurs i bygningsvernmodulen i Primus for å også styrke arbeidet med registrering av bygningar og utført restaureringsarbeid.

I tillegg til eigne samlingar blir store mengder gjenstandar av nasjonal interesse, og som ikkje inngår i eigne samlingar, dokumentert og tilgjengeleggjort gjennom draktregistrering av Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

Folkemusikkarkivet

Folkemusikkarkivet på Valdres Folkemuseum er eit av dei eldste regionale folkemusikkarkiva i Noreg. Arkivet har pr. 31.12.2024 16 463 objekt registrert i FIOI. Det er ein tilvekst på 465 objekt.

Fleire lydband kom inn i 2024. Ein del av desse er digitaliserte og lagt til i Fiol, mellom anna lydband etter Ola Grihamar d.y. og Anna Fylken.

Opptak og dokumentasjon er ei viktig oppgåve for folkemusikkarkivaren, og i 2024 vart det gjort opptak av mellom anna:

- Konserten «I Oletjedn, i Olekinn» med to generasjonar Hegge.
- Konserten «Farande fant» med Alexander Aga Røystrand.
- Konserten «Langeleik i lange liner» med Ingrid Lingaas Fossum.
- Konsert med Berit Opheim og Marit Karlberg.
- Konsert med Kari Steinsrud, Kari Hagaseth og Johanna Fuglesteg.



Valdres Natur- og Kulturpark og Valdresmusea forvaltar tilskotsordninga «Folkemusikk i fortid og framtid». Folkemusikkarkivaren utførte sakshandsaminga og deltok på to møter i 2024.

Privatarkivet

Valdresmusea bevarer arkiv etter bedrifter, lag og foreiningar og privatpersonar i Valdres. Arbeidet med arkiv følgjer Arkivverkets regelverk. Arkiv representerer samfunnets hukommelse på ein brei og mangfaldig måte. Arkiv er viktig dokumentasjon som skal stillast til rådvelde for innbyggjarane. Tilgang til historiske kjelder er ein føresetnad for opplyste borgarar og ein kritisk offentlegheit.

Total mengde arkiv:	727
Nye arkiv i 2024:	5
Samla antal hyllemeter:	351

Fotoarkivet

Fotoarkivet inneheld 18 115 foto som er registrert i Primus. 15 841 av desse er publisert på Digitalt Museum. Av dei publiserte bileta er om lag 2 000 frå Bagn Bygdesamling og 110 frå Bautahaugen Samlinger. Det vart utført 1 500 skanningar på foto i 2024.

Dei kulturhistoriske bygningssamlingane

Valdresmuseas avdelingar forvaltar godt over hundre antikvariske hus på tre museum. Dei fleste husa er frå 1700- og 1800-talet. Det eldste huset er frå kring år 1300, dei nyaste frå 1900-talet.

Vedlikehaldsplanen til museet følgjer *NS 16096:2012* og gir god innsikt i tilstandsgrad, forslag til tiltak og kostnader for dei enkelte bygga. På Bagn Bygdesamling (BB) og Valdres Folkemuseum (VFM) er dei fleste av bygningane i god stand. På Bautahaugen Samlinger (BS) er tilstanden noko dårlegare. TG-snitt (tilstandsgrad) er på 1,4.

Ein har god systematikk på vedlikehaldet av dei gamle bygningane på alle dei tre musea. I 2024 la ein nytt teglstEinstak på Stabel-bygningen på Bagn Bygdesamling, og ein fekk gjennomført dendrokronologisk undersøking og sikring av Handeloftet på Valdres Folkemuseum. I 2021 fekk museet 1 million kroner i eingongstilskott til restaureringsstiltak på stølsområdet på Valdres Folkemuseum. Tiltaka her blir ferdigstilt våren 2025.

Valdresmusea sanerte i 2024 eit gammalt materiallager på Valdres Folkemuseum. Målet er å erstatte



Foto: Anne Marte Før

dette med eit nytt material- og verkstadslokale for konservatorar, instrumentmakarar og handverkarar. I 2025 har ein fått tilskott frå Innlandet

fylkeskommune og Nord-Aurdal kommune til å greie ut om eit eventuelt nytt verkstadbygg i framtida.

Klima, miljø og berekraft

Valdresmusea har sidan 2015 vore medlem i destinasjonsselskapet *Visit Valdres*. Saman med dette selskapet har museet bidrege til berekraftsertifisering av regionen. Til arbeidet med resertifisering har museet i 2024 bidratt med dokumentasjon på området immateriell kulturarv.

Administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum vart rehabilitert i 2022. Tiltaket har forlenga levetida på huset og sikra eit energibesparande, framtidsretta og klimavenleg bygg.

I 2024 ferdigstilte museet eit større ENØK-tiltak på Valdres Folkemuseum. Tiltaket omfatta tetting og etterisolering, etablering av lukka klimasone, SD-anlegg, solcelleanlegg og fornya kledning. Tiltaket reduserer energiforbruket med 2/3 av dagens forbruk, og fekk ein kostnad på 6,7 millionar kroner. Tiltaket vart finansiert med støtte frå Enova, Valdres-kommunane og Innlandet fylkeskommune.



Direktør Ole Aastad Bråten og prosjektleiar
Martin Stubbene Ulmoen på taket.
Foto: Anne Marit Noraker

Mangfald og samfunnsrolle

Dei siste åra har det meldt seg forventningar til at musea skal ta eit større samfunnsansvar. Med dette meiner vi ei kritisk drøfting av dei praksisane og førestillingane som musea styrer etter. Her har Valdresmusea bana veg og løfta fram tema som mangfald og utanforskap, og emne råka av konflikt og usemje. Utstillinga «Fargerike fellesskap – kvitt raseri» utfordrar førestillingar om nasjonen som ein homogen fellesskap.

I etterkant av Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport i 2023, har Stortinget forsterka forventningane om at musea i større grad må legge til rette for dialog, inkludering og mangfald, særleg overfor minoritetar og urbefolkningsgrupper. Saman med Sametinget og Saemien Sijte har ein 2024 arbeid med historia om Lucie Kant (1857–1944). I 2025 opnar ei utstilling om Kant.

Musea er del av demokratiets infrastruktur. Men demokratiet funkjar ikkje om ikkje alle kjenner seg heime i det. Derfor har musea ei viktig oppgåve i å opne dørene for alle, og ta vare på minne etter alle. Dette er Valdresmusea sitt utgangspunkt i arbeidet med mangfald og representasjon. I 2024 starta museet eit arbeid med dokumentasjon av historia

etter handelspioneren Ingebjørg T. Robøle (1892–1986) frå Vestre Slidre. Arbeidet blir til i samarbeid med Kvinnemuseet, Skeivt arkiv og frivillige lag og organisasjonar. Prosjektet er støtta av Kulturrådet.

Sjølvberging og naturforvaltning er stikkord for studie av eldre kultur. Dei siste åra har berekraft segla opp som diskusjonstema og stadig fleire spør korleis musea kan bidra med kunnskap og innsikt i desse spørsmåla. Forvaltning av naturressursar er òg ein del av denne tematikken, og på dette området møter ein gjerne store interesse motsetningar. Museet har i 2024 drive prosjektet «Eit skigardsdele» som rører ved denne tematikken.



Lucie Kant (1857–1944).
Foto: G. Roche /Prince Roland
Bonaparte's collections/
Musée de l'Homme

For Valdresmusea er sosial berekraft ein viktig dimensjon i alt vi gjer. For Valdresmusea er målet å drive arbeidet med respekt for einskildmenneske og gode museumstradisjonar. Arbeidet skal vere relevant og tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn.

I 2023 og 2024 vart det med støtte frå aspirantordninga¹ til Kulturdirektoratet engasjert ein arkivar i 100 % stilling. Kandidaten utførte eit godt arbeid og vi takkar direktoratet for initiativet og kva ordninga har gitt oss av moglegheiter.

Valdresmusea sin samlingsforvaltingsplan følgjer opp forventningane om å legge breidde og representasjon til grunn for ein heilskapleg samlingsutvikling. Museet vart i 2024 med i Nettverk for kvinnehistorie, og legg nettverket sin «Guide til kjønnsrepresentasjon i museumsfaglege praksisar» til grunn for arbeidet.

¹ Etnisk, kulturell og språkleg bakgrunn kan vere til hinder for rekruttering til kunst- og kulturrelaterte yrke. Ordninga skal motverke strukturell diskriminering gjennom å sikre auka tilgang til arbeid i kunst- og kultursektoren for kvalifiserte søkjarar.

Rammer og styringsverktøy

Valdresmusea skal overhalde norske lover og internasjonale konvensjonar som staten har slutta seg til, til dømes UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Valdresmusea skal følgje ICOM sitt etiske reglement. Ein ny museumsdefinisjon vart vedteke av ICOM i 2022.

Tildelingsbrevet frå staten representerer det sterkaste offentlege styringssignalet og blir sendt kvart år etter at statsbudsjettet er vedteke i Stortinget. Tildelingsbrevet omtalar dei økonomiske rammene og krav til rapport og måloppnåing.

Ein strategi er styrets viktigaste styringsverktøy. I 2022 fekk ein på plass ein strategi for perioden 2022–2030. Strategien meislar ut forventningar til drift og utvikling, og den drøftar tilgangen til kompetanse og ressursar. NBF utarbeider i 2024 og 2025 med sin eigen strategi. I 2024 har det òg vorte utarbeidd ein strategisk femårsplan for Bauta- haugen Samlinger.

Ei ny museumsmelding vart lansert i 2021. Denne seier at musea må prioritere forskning og arbeidet med mangfald og inkludering. Den oppmodar òg til samarbeid med aktørar utanfor museumssektoren.

For Valdresmusea vil vere viktig å hegne om dei nasjonale oppgåvene. Det er dei som gir museet ein plass i det nasjonale museumsfelleskapen og som sikrar auka tilskott til drift og investering. Det vil òg vere viktig å følgje tilgangen til ressursar gjennom det nye kyrkjebevaringsprogrammet.

Samarbeid og nettverk

Valdresmusea har avtale med Kulturdepartementet om drift av Norsk institutt for bunad og folkedrakt, og Valdres Natur- og Kulturpark om det regionale utviklingsarbeidet. Ein har avtale med Innlandet fylkeskommune om bygningsvern og privatarkiv, og Vestre Slidre kommune om drift av Garbergfeltet.

Valdresmusea tok i 2024 initiativ til tetta re samarbeid med Visit Valdres og stavkyrkjeforumet i Valdres, om styrka samarbeid om formidling av kyrkjene i Valdres.

Saman med fem festivalar og overnattingsbedrifter har museet etablert eit bedriftsnettverk. Målet med nettverket er å samordne all innsats med pakketering, sal og marknadsføring. Ein gjennomførte i 2024 eit forprosjekt med støtte frå Innovasjon Noreg. Søknad om støtte til eit hovudprosjekt blir sendt i 2025.



Kultur- og likestillings-
minister Lubna Jaffery.
Foto: Ilja C. Hendel/KUD

Valdresmusea samarbeider med museumsvennelag på Fagernes og i Hedalen, med Valdres historielag, Valdres slektshistorielag, Stiftelsen Frydenlund og andre frivillige organisasjonar.

Valdresmusea har godt samarbeid med dei andre musea i Innlandet og drøftar i 2024 og 2025 mogleg framtidig samarbeid om fellesmagasin på Lillehammer.

Valdresmusea deltek i seks museumsnettverk og driv eitt av dei, Drakt- og tekstilnettverket. Dei andre nettverka er fotonettverket, musikknettverket, kulturlandskapsnettverket, nettverk for kvinnehistorie og nettverk for bygningsvern.

Formidling

Omfattar programmering, utstilling, arrangement, kurs, seminar, omvising, rådgjeving, publisering, skuleformidling, kommunikasjon, merkevarebygging, butikk og sal.

Med formidling skal vi nå eit breitt publikum med variert kunnskap og ulike opplevingar, bidra til fysiske og digitale besøk, fremje dialog og kritisk refleksjon, bidra til rekruttering i tradisjonskultur, og skapa ringverknadar for menneske og samfunn – lokalt og nasjonalt.

Valdresmusea er ein viktig møteplass i arbeidet med levande tradisjonskultur, ikkje minst i formidling av folkemusikk, folkedans, bunadbruk og bygningsvern. Sommarsesongen med formidling av tradisjonshandverk, folkemusikk og folkedans gir ringverknadar for rekrutteringsarbeidet og for spreiding av kunnskap og gode opplevingar.

Valdresmusea gjennomførte 149 opne arrangement i 2024 (185 i 2023).



Ungdomar på museet.
Foto: Anne Marte Før

«Kloke hender» – kurs i handverk for barn og ungdom.
Foto: Ole Aastad Bråten



Immateriell kulturarv

Vi lever i ei tid der mykje er i endring. Trendane skifter og vi shopper interesser som aldri før. Vi kastar og riv – og vi bygger opp att. I skulen er det den boklege lærdomen som står i sentrum, medan den handborne kunnskapen blir overlate til andre.

Samstundes er etterspurnaden stor etter folk som har kunnskapen i nevene; frå byggebransje, reiseliv, landbruk og einskildmenneske. Mange ynskjer å kjøpe seg eit gammalt småbruk, men får sjeldan kjøpe. Mange ynskjer å sette i stand eit gammalt hus, men anar ikkje korleis. Det er ikkje lett å få tak i ein handverkar til å bygge nytt – og endå verre å få tak i han eller ho med kunnskap og røynsle i å ta vare på eldre hus.

Valdresmusea har føresetnad og vilje til å ta ansvar på dette området. Ikkje minst er vi opptekne av rekruttering og å være motor og møtestad for kunnskap som skal vare over tid. Med kurs skal vi bidra til å føre både byggjeskikken, draktskikken, musikken og dansen vidare.

Valdresmusea har sidan 2009 halde kurs i tradisjonshandverk for nærmare 1500 deltakarar frå heile landet. Kursa bidreg til kompetanseheving for handverkarar, huseigarar og kyrkjeieigarar.

Valdresmusea arrangerte i 2024 12 kurs i tradisjonshandverk for vaksne. 114 deltakarar var på desse kursa. Prosjektet «Kloke hender», som er museet si handverkssatsing for ungdom, samla 218 ungdomar på 15 ulike kurs. Kursrekka blir til i samarbeid barnehagar, barneskular og ungdomsskular, og er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB.

Med eigen verkstad produserer museet langeleikar og hardingfeler til musikarar i Noreg og utlandet. Inntektene frå sal av instrument og strenger har auka betydeleg, i 2024 34 % meir enn budsjettet. Valdresmusea har starta eit utgreiingsarbeid for bygging av ny instrumentverkstad. Den nye verkstaden vil bli ein viktig arena for dei med interesse for instrumentbygging.

Valdresmusea er ein viktig samarbeidspart for dei som jobbar med rekruttering i folkemusikk og folkedans, fyrst og fremst Valdres folkemusikklag, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko.

NBF arrangerte i 2024 «Fagdagane» for 120 deltakarar og samling for «Forum for levande kulturarv» i Bodø og Kjerringøy. NBF har leia nominasjonsarbeidet for innskrivinga av bunadbruken på UNESCO si representative liste. I desember 2024 kunne vi alle feire. NBF har, saman med representantar frå feltet, arbeidd med strategiar for vidare arbeid med bevaring og vidareføring av bunadkulturen.

Valdresmusea har samarbeidd med Norsk seterkultur om formidling av setertradisjonar til unge og vaksne. Saman har vi løfta tematikken i kronikkar og meiningstoff, mellom anna i NRK Ytring. Med «Eit skigardsdele» har vi gjennomført konferanse på Lillehammer og ei rekke andre formidlingstiltak.



Den norske bunadbruken var i desember 2024 skriva inn på dei prestisjetunge UNESCO-listene. Det måtte feirast med parade og fest. Foto: Cathrine Dokken

Strategi

Valdresmusea sin strategi inviterer til samtalar om samtida og viser korleis museet kan utgjere ein forskjell for menneske og miljø – i Valdres og i verda. Strategien løfter fire kulturhistoriske satsingsområde og legg fire *perspektiv* til grunn for arbeidet. Desse perspektiva er a) deltaking og demokrati, b) relevant og kritisk samfunnsforskning, c) klima, miljø og berekraft og d) vidareføring av immateriell kulturarv. Strategien skal reviderast i 2026.

Valdresmusea forvaltar viktige, nasjonale oppdrag, særleg innan folkemusikk og bunadkultur. Skal museet greie å halde fram innsatsen på desse områda er det viktig at myndighetene sikrar trygge og føreseielege økonomiske rammer.

I 2024 vart bunadbruken og seterkulturen skrive inn på UNESCO sine verdsarvlistar. Dette er eit moment for auka merksemd og ressursar til desse kulturområda, og det gir Valdresmusea ein strategisk viktig posisjon. Begge nominasjonane er ført i pennen av kompetansemiljø i Valdres. Valdresmusea har betydeleg eigarskap til begge innskrivingane.

Museumsmeldinga opnar for hybride selskapsløysingar i skjeringpunktet mellom museum og

andre forvaltingsområde. Ein vil i åra framover undersøke moglegheitene for tettare samarbeid med kyrkjeieigarane om kunnskapsutvikling og framtidig formidling av mellomalderkyrkjene. Kyrkjebevaringsfondet opnar for at musea kan ta eit ansvar i dette forvaltingslandskapet.

Kyrkjebevaringsfondet gir store moglegheiter, men rekrutteringa til handverksfaget er svak. Valdresmusea vil gjennom eigne prosjekt, og i dialog med fylkeskommunen, bidra til kurs og utdanning i tradisjonshandverk innafor grunnskule og vidaregåande opplæring.

Gjennom museets strategi har Valdresmusea dei siste åra sikra seg ein god posisjon i arbeidet med folkemusikk, folkedans, bunad, folkedrakt og immateriell kulturarv. Med dei over nemnte forholda opnar det seg ytterlegare moglegheiter for Valdresmusea, og dei kan bidra til å styrke museet sin posisjon på desse områda.

I lys av desse forholda vil det vere klokt å halde fram hovudlinene i dagens strategi. Derfor har ein òg løfta fram behovet for auka ressursar til både Norsk institutt for bunad og folkedrakt – og



Folkemusikk er mål og middel i Valdresmusea sin strategi.

Foto: Armann Martesønn Kippersund, NRK 2

instrumentverkstaden – i budsjettsøknaden for 2026. I 2026 er det 125-årsmarkering for etableringa av Valdres Folkemuseum. Dette har vore ein av dei fremste arenaane for formidling og vidareføring av folkemusikk og -dans i Noreg.

Valdresmusea er òg leiande i landet med verkstad for produksjon av hardingfele, langeleikar og strenger. I 2025 har ein fått tilskott frå Innlandet fylkeskommune og Nord-Aurdal kommune til å undersøke moglegheitene for bygge ein ny instrument- og konserveringsverkstad.

Den årlege arbeidsplanen følgjer godt opp styret sin strategi. Arbeidsplanen følgjer òg opp dei måla staten ber ein følgje opp, og dei pliktene som følgjer av avtaler og tilskottsbrev.

Styret i Valdresmusea AS

2024–2025

- Odd Erik Holden, styreleiar
- Brita Brenna, styremedlem
- Frode Rolandsgard, styremedlem
- Bente Lindahl, styremedlem
- Arne Erik Fønhus, styremedlem
- Odd Arne Klemmetsrud, styremedlem
- Kristin Gulbrandsen, for dei tilsette

- Aud Søyland, 1. vara
- Arne Leite, 2. vara
- Eirin Breie, varamedlem, for dei tilsette

Tilsette

Valdresmusea har 21 fast tilsette fordelt på 17 årsverk. Museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillingar. Stillingsstørrelse varierer likevel frå 40 til 100 %.

Oppgåvene er mange og varierte, og vi freistar til kvar tid å ta tak i dei oppgåver som vi meiner er mest fornuftige og gjev mest attende til lokalsamfunna i Valdres.

Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar er leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald.

Tilsette i alfabetisk rekkefølge:

- Alice Gudheim, prosjektmedarbeidar
- Andreas Goretzka, handverkar
- Angela Bot, reinhaldar
- Anne Marit Noraker, seksjonsleiar
- Bård Riise Hoel, instrumentmakar
- Camilla Rossing, instituttleiar NBF
- Eirin Breie, konservator, arkiv og samling
- Frank Rolland, folkemusikkarkivar
- Fredrik Calmeyer, driftsteknikar og museumsbonde
- Jan Dokkehaugen, tradisjonshandverkar
- Kristin Gulbrandsen, fagkonsulent NBF

- Kristine Runshaug, fotoarkivar
- Mari Ormberg, instrumentmakar
- Odd Arne Rudi, bygningsvernrådsgjevar
- Ole Aastad Bråten, direktør
- One Enerud, publikumsansvarleg
- Per Ivar Stensæter, handverkar
- Ragni Engstrøm Nilsen, konservator NBF
- Sara van der Moer, kommunikasjonsrådsgjevar
- Solveig Strand, konservator NBF
- Tonette Eberspacher, prosjektmedarbeidar
- Tove Stubbene, økonomi- og administrasjonssjef
- Trym Tvedt, tradisjonshandverkar
- Unn Elise Grashorn Refsnes, fagkonsulent NBF